

Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2014
95. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

Rekneskap for 2014
2014

2013

Medlemspengar		2 600.00		4 000.00
Overnattingar		8 675.00		20 135.00
Lagsdrift	9.00		236.90	
Straum	6 386.00		8 808.63	
Kom.avg/renovasjon	6 314.26		5 043.00	
Forsikring	4 992.00		4 791.00	
Driftsutg./vedlikehald	3 000.00		6 822.58	
Overskot	-9 426.26		-1 567.11	
	11 275.00	11 275.00	24 135.00	24 135.00
Balanse				
	31.12.13		31.12.13	
DNB	1 076.55		5 962.68	
Sunnabu	150 000.00		150 000.00	
Kreditor: Lars Olav		41 544.30		37 004.17
Lån medlemer		80 000.00		80 000.00
Eigenkapital		29 532.25		38 958.51
Ørebalanse				
	151 076.55	151 076.55	155 962.68	155 962.68
Endring eigenkapital		-9 426.26		-1 567.11
Førebels rekneskap for 2014. Det endelege rekneskapet pr. 31.12.2014 vil bli revidert før årsmøtet i januar.				

Årsmøte i Bygdelaget Sunnhordlendingen

Onsdag 28. januar
2015

Stad: Hjø Kirsti og Lars
Olav, Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for 2014 .
2. Rekneskap for 2014 .
3. Medlemskonting.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.



Snø på Sunnabu. Men slik var det ikkje i 2014.

Meld frå til tlf. 90616359 om du kjem på årsmøtet. Følg også med på internettssidene for oppdaterte sakspapir og annan informasjon.

Plan for drift av hytta våren 2015:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for alle medlemer: Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

16.-18. januar: Sesongstart. 13.-15. februar: Vin- og biffkveld. 13.-15. mars:

Veterantreff. 17.-19. april: Solbading.

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2015 (23. februar-27.februar)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 5 000 , kr. 3 500 for medlemer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 15. januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2015 (27. mars-6. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 16. januar kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

19 medlemer i Sunnhordlendingen i 2014 (dei som betalte giroane som vart sendt ut i desember 2013):

Mikal Heldal, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Atle Ternes, Anne Britt Ternes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Inga Tveito, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn.

Dersom du ser at du har gløymt å betale, så var medlemskontingenten Kr. 200 for 2014. Kontonr. 0540 08 55937. Det blir sendt ut nye giroar for 2014 med dette nummer av Sunnavind.

Årsmelding 2014 for Sunnhordlendingen.

Årsmøtet 2014 vart arrangert 30. januar hjå Kirsti og Lars Olav. Innkallinga var sendt ut med Sunnavind i desember og elektronisk på Sunnhordlendingen.no.

Dette var årsmøte for driftsåret 2013. Til stades var 7 medlemer. Årsmelding og rekneskap 2013 vart godkjent. Medlemskontingent for 2014 vart sett til 200,-. Drift av hytta vart diskutert.

Valg:

Formann: Lars Olav Tveita Kasserar: Vegard Havikbotn
Skrivar: Jan Steinar Urdshals. Styremedlem: Ronny Nedrevåg
Varamedlemer: Olav Bjørgen, Inga Tveito, Britt K. Hegdal
Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Atle Ternes.

Rådet:

Kirsti Havikbotn 5 år, Anne Sofie Totland 4 år, Olav Bjørgen 3 år, Kari Aarbakke 2 år, Atle Ternes 1 år.

Sunnabu.

Vinteren og våren 2014 var det nesten ikkje snø rundt hytta og frå 10. januar til 1. mars var det elendig skiføre. Vi fekk likevel leigd ut i vinterferien. Påska var ekstremt sein. Ved hytta var det ikkje snø. Det var bra skiføre frå Negerlandsbyen og oppover. På nordsida av riksvegen var snøen borte. I påska var hytta berre i bruk 2 dagar Dette har ført til at hytte-rekneskapen har gått kraftig i minus.

Hytta er likevel ein koseleg stad å feriere. Det er lyst og fint i stova etter at skogen kom vekk. Og solkroken har meir sol enn nokon gang.

Det er kome flatskjerm-TV på veggen inn mot soverommet, så no ser vi på brukte hjørnesofaer på Finn.no slik at det kan bli skikkeleg salong på vindu-sida av stova.

Elles er det gjort ein del forefallande dugnadsarbeid, men ingen investeringar siste året.

Vår del av veden frå skogshogsten i fjor utgjer ca 90 sekkar. Av det er 20 sekkar god og tørr ved kome i hus i skykkja. Resten får vi når det passsar oss.

Naboen vil halde fram med å høgge bak skykkja når han får tid, og når skuggen frå dei store trea der har iritert han nok.

Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa: <http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm>